

Stortinget har frå 1. august 2020 innført lov om rett til redusert foreldrebetaling for elevar i 1. og 2. trinn. Frå 1. august 2021 vart denne ordninga utvida til også å gjelde 3. og 4. trinn.

I forskrift til opplæringslova står det:

§ 1B-1.Reduksjon i foreldrebetalinga for elevar på 1.–4. årstrinn

Kommunen skal etter søknad gi reduksjon i foreldrebetalinga for skolefritidsordninga på 1.–4. årstrinn slik at den per elev utgjer maksimalt seks prosent av inntektene til hushaldet, dersom:

- a. foreldrebetalinga for eitt skoleår utgjer meir enn seks prosent av inntektene til hushaldet det siste året, eller*
- b. det er ein varig nedgang i inntektene til hushaldet inneverande år som gjer at foreldrebetalinga for eitt skoleår utgjer meir enn seks prosent av inntektene til hushaldet.*

For søknader før 1. august gjeld kommunen sitt vedtak frå 1. august og ut skoleåret. Blir det søkt etter 1. august, gjeld vedtaket frå første heile månad etter søknadstidspunktet og ut skoleåret. Betaling for kost kan komme i tillegg.

Her er link til regelverkstolkninga frå Udanningsdirektoratet

<https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/leksehjelp/veileder-om-moderasjonsordninger-i-sfo/>

Informasjon før du søker

- Før du kan søkja om redusert betaling, må barnet ditt ha fått innvilga plass i SFO. Det er derfor viktig å søkja plass i SFO innan fristen, slik at barnet er registrert.
- Du må betala full pris for SFO- plassen fram til søknaden er godkjent. Dersom du får innvilga redusert betaling, vil den gjelda frå månaden etter at søknaden vart innvilga. For å kunne få innvilga redusert betaling frå 1. august må du ha søkt seinast 31. juli og du må ha sendt inn all nødvendig dokumentasjon. Viss du ikkje har sendt inn dokumentasjonen i tide blir søknaden avslått, og du må søkja på nytt.
- Vert søknaden din godkjent, gjeld vedtaket ut skuleåret. Du må søkja på nytt før neste skuleår byrjar. Dersom inntekta i hushaldet vert endra i vesentleg grad gjennom året, må du gje beskjed og senda inn oppdatert dokumentasjon på den nye inntekta. Dette gjeld både om inntekta aukar eller om inntekta vert redusert.

Definisjon på hushald

Med hushald meiner ein i dette kapittelet ektefellar, registrerte partnarar, sambuarar, forsørgjar med delt omsorg og einslege forsørgjarar. Som sambuarar reknar ein to ugifte personar over 18 år som bur saman, og som har budd saman i eit ekteskapsliknande forhold i minst 12 av dei siste 18 månadene, eller har felles barn. Dersom søkjar er sambuar utan felles barn, må søkjar opplyse kommunen om dette.

Med inntektene til hushaldet meiner ein i dette kapittelet hushaldet si samla **brutto** personinntekt etter skattelova kapittel 12 og skattepliktige kapitalinntekt.

Dersom foreldra til barnet bur kvar for seg, og barnet bur fast hos begge foreldra, er det inntekta til hushaldet til den forelderen som har same folkeregistrerte adresse som barnet, som skal leggjast til grunn i vurderingane etter denne føresegna.

Slik søker du

Send brev eller epost til kommunen og legg ved siste års skattemelding. Dersom inntekta er høgare eller lågare enn skattemeldinga viser , må det dokumenterast med t.d lønsslipp for dei tre siste månadane.

Søklar er sjølv ansvarleg for å levera korrekt dokumentasjon. Dokumentasjon på brutto personinntekt sender du saman med søknaden.

Søknad om redusert foreldrebetaling og dokumentasjon på brutto personinntekt sender du til:

Ulvik herad, Brakanes barne- og ungdomsskule, Skeiesvegen 27, 5730 Ulvik

eller post@ulvik.kommune.no